



Nina Bjørkheim Solberg

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4009 - 17/19321

Saksbehandlar:

Camilla Smith-Strøm

camilla.smith-strom@meland.kommune.no

02.10.2017

Referat frå møte i samarbeidsutvalet, 28.09.2017

Til stades: Marthe Marøy, Birthe Ramse, Kristine Oline Larsen, Lene Wiik Nilsen, Nina B. Solberg, Camilla Smith-Strøm

Fråfall: Marianne Sandvik og Thomas Wallem

SAK 1. Godkjenning av årsplan 2017/2018

Årsplanen vart godkjend, med nokre små rettingar.

Progresjonsplanen, som skal bidra til å synleggjera progresjon i barnehageløpet, vil nå bli vedlegg til årsplanen.

SAK 2. Kosthald i barnehagen

Den nye **Rammeplan for barnehage**, som vart gjeldande frå 1.8.17, har auka fokus på sundt kosthald, haldningar kring mat/helse og barns medverknad i matlaging. I samband med dette har vi ein jamleg refleksjonsprosess i personalgruppa, kring barnehagens praksis. Styrar velger derfor å drøfte dette med samarbeidsutvalet.

Her er nokre av tiltaka vi er enige om å starte/vidareføre:

- Vi unngår halvfabrikater i matlaginga, så langt det muleg/fornuftig.
- Vi held fokus på eit sundt og variert mattilbod.
- Vi lager varmlunsj kvar fredag.
- Barna deltek i tilberedinga av varmlunsj kvar fredag. Vi har da matlagingsgrupper, med barn frå begge avdelingar.
- Det er ønskeleg at menyen blir ført inn i vekeplanen i Vigilo.
- Det vil ikkje lenger bli servert sukker på grauten ved Gul avdeling. Sukkeret vil erstattes med rosiner, frukt eller liknande. Det er ønskeleg at sukkeret også fjernas frå Raud avdeling, men her vil vi prøve ut alternativer og gi barna ein meir gradvis overgang.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

- Foreldre kan fortsatt ta med yoghurt til barna, når ein ønskjer det.
- Under bursdagsfeiringa vil vi unngå for mye fokus på mat. Hovudfokus skal vera på bursdagsbarnet sjølv. Det vil bli bakt grove rundstykker på Raud avdeling, mens Gul avd vil lage Smootie ved bursdagsfeiringar
- Det er ikkje barnehagen som skal introdusere usunn mat/godteri for barna. Barna skal ikkje få tilbod om sjokolade, brus og liknande i barnehagen.
- Vi lagar påskebollar til påske og julekaker til jul. Skal barna få noe søtt, skal det henge saman med tradisjonar og prosjektar vi jobbar med i barnehagen.

SAK 3. Julefest i barnehagen

Einaste mulege dato for lån av eldresenteret er 20. desember. Vi i SAU er samde om at dette er for sent for å arrangere julefest i barnehagen. Vi velger derfor å erstatte julefesten i år, med alternative arrangementer for barn og føresette. Gjerne avdelingsvise opplegg, som er spesielt tilrettelagde for barnegruppa. Personalet kjem tilbake til dette, så snart planane er klare.

SAK 4. Eventuelle sakar

Sommerferieavvikling i Marihøna barnehage

Etter fleire år med lavt barnetall i enkelte sommerferieukar, har styrar beslutta å gjennomføre planlagt feriestenging i 2018. Barnehagen vil halde stengd i to vekar, som er fastsett av AMG (Arbeidsmiljøgruppa) og godkjend av barnehagen sitt samarbeidsutval. 28.09.17 vart det gjennomført eit drøftingsmøte rundt ferielukking i barnehagen. Følgande vedtak ble gjort:

...Barnehagen stengar i uke 28 og 29 i 2018. Personalet er da ferdig med ferieavviklinga 3. august. Dette er ein fordel, ettersom nytt barnehageår og tilvenning med nye barn startar 1. august. Hovudtyngda av ferie vil da bli avvikla i juli måned. Styrar vil syte for at det alltid er personale frå begge avdelingar på jobb. Det skal til ei kvar tid vera minst ein ansvarleg pedagog i barnehagen.

Med helsing

Camilla Smith-Strøm
leiar Marihøna barnehage

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Birthe Ramse

Kristine Larsen

Lene Wiik Nilsen

Marianne Sandvik

Marthe Marøy

Nina Bjørkheim Solberg

Tomas Wallem